

KM 02/19 Kontrollutvalgets rapport om Kirkerådets oppfølging av Kirkemøtets vedtak

Saksdokument:

KM 02/19 Kontrollutvalgets rapport om Kirkerådets oppfølging av Kirkemøtets vedtak.

Innstilling frå Kontrollutvalet

Kyrkjemøtet vedtok i 2016 å opprette eit Kontrollutval for Den norske kyrkja og fastsette reglar for utvalet. I følgje mandatet er ei av utvalet sine oppgåver – på vegner av Kyrkjemøtet – å føre løpende kontroll med Kyrkjerådet si verksemd, under dette også å kontrollere at Kyrkjemøtet sine vedtak blir følgt opp etter innhald og føresetnader. Denne rapporten gjeld dette punktet i Kontrollutvalet sitt mandat, og erstattar tilsvarande rapport som Kyrkjemøtet sin protokollkomité tidligare hadde ansvar for å levere.

Etter reglane skal første kyrkjemøte etter eit kyrkjeval nemne opp kontrollutval for den etterfølgjande valperioden. Noverande kontrollutval blei oppnemnd på Kyrkjemøtet i 2017. Utvalet er leia av Ann Kristin Sørvik og har desse medlemmane: Finn Huseby (nestleiar), Laila Riksaasen Dahl, Ola T. Lånke og Brit Skjelbred. Sekretariatsfunksjonane er tekne hand om av Opplysningsvesenets fond.

Kontrollutvalet sin leiar tek del som observatør under delar av Kyrkjerådsmøta, for å kunne ha den løpende kontrollen. Det er gjort ein systematisk gjennomgang av Kyrkjerådet sine protokollar for å kontrollere at Kyrkjemøtet sine vedtak blir følgde opp etter innhald og føresetnader.

Kyrkjemøtet i 2018 hadde mange saker kor endringar i reglar og føresegner blei vedtekne. Dette gjeld ordning for utpeiking av biskop, kyrkjevalreglane, Kyrkjemøtet sin forretningsorden, ordning for samisk kyrkjelege valmøte, føresegn om Den norske kyrkja sitt medlemsregister, reglar om formene for bispedømerådet si verksemd, tenesteordning for biskopar og reglar for Kyrkjerådet si verksemd. Desse regelendringane er anten kunngjorde i Norsk Lovtidend og/eller kunngjorde på lovsamlinga på internett.

Kyrkjemøtet vedtok eit visjonsdokument 2019-2021. Kyrkjerådet har følgt opp visjonsdokumentet gjennom vedtatt årsplan 2019 for dei sentralkyrkjelege råda. Visjonsdokumentet ligg til grunn for dei nye resultatmåla og nøkkelindikatorane for bispedømeråda og Kyrkjerådet 2019-2021. Visjonsdokumentet er også lagt lett tilgjengeleg på kyrkja.no

Kyrkjemøtet vedtok at verksemnda i *Kirkelig Utdannings senter i Nord* (KUN) blir overført frå Den norske kyrkja til *VID vitenskapelig høyskole*. Dette blei gjennomført i 2018. Kyrkjerådet har sett i gang evaluering av *Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning* (KIFO), i tråd med Kyrkjemøtet sitt vedtak.

Høyningsuttalen kring ny trussamfunnslov blei sendt departementet i rett tid.

Ei av dei store sakene på Kyrkjemøtet i 2018 var rapport og vegval for Den norske kyrkja si kunst- og kultursatsing. Kyrkjerådet har følgt opp ved å ta relevante delar inn i ny Handbok

for sokneråd og ved å bruke både kyrkja.no og Kyrkjebakken. Kunst- og kultursatsinga har vore omtala i eit nyheitsbrev og er tatt opp i møte mellom Kyrkjerådet sin direktør og stiftsdirektørane og KA. Dette er også tema i møte med relevante organisasjonar. Kontrollutvalet har ingen merknader til Kyrkjerådet si oppfølging av Kyrkjemøtet sitt vedtak. Sidan dette er ei meir langsiktig satsing, bør dette bli følgt opp over fleire år av Kyrkjerådet, med oppfølgingskontroll frå Kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har ikkje gjort funn som medfører kritikk av Kyrkjerådet si gjennomføring av Kyrkjemøtet sine vedtak.

Oslo, 7. mars 2019

Kontrollutvalet

Skreve under av Ann Kristin Sørvik, Finn Huseby, Laila Riksaasen Dahl, Ola T. Lånke og Brit Skjelbred

Plenumsbehandling

Dirigent: Ole Martin Grevstad

Kontrollutvalets leiar Ann Kristin Sørvik la fram protokollkomiteen sin innstilling.

Desse hadde ordet:

Ann Kristin Sørvik, Erling Birkedal

Kyrkjemøtet sitt vedtak

Kontrollutvalet sin rapport til Kyrkjemøtet tas til orientering.